

Strilane slår ring om Utvandringssenteret

RADØY: Nyetablerte Utvandringssenterets Vener har ambisjonar om 500 støttemedlemar.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

– Det manglar ikkje på oppgåver som vi kan engasjera oss i, sjølv om den daglege drifta er tatt hand om frå Salhus, seier Oddmund Skjelvik, leiar i det nyskipa Utvandringssenterets Vener.

Han er glad for den stigande aktiviteten ved Utvandringssenteret på Sletta. Skjelvik registrerer også at senteret er blitt langt meir akseptert enn for femten år sidan

Fleire ser verdien

– Eg har eit klart inntrykk av at folk ser verdien av senteret på ein heilt annan måte enn for. Det er veldig kjekt å oppleve, seier Sletta-veteranen. Han var med då Emigrantkyrkja vart riven "over there", og gjenreist på Sletta. Seinare er både rådhus og "jail", skulestove og nybygarstove sendt over Atlanteren og sett opp igjen på Sletta.

Amerika-tur

Neste år er det 15 års jubileum for Utvandringssenteret, og i den samanheng vil støtteforeininga gjera ein innsats for å få mange nye medlemar. Målet er eit halvt tusen støttemedlemar.

Leiaren i veneforeninga fortel at ein av støttemedlemane vil verta den heldige vinnar av ein Amerika-tur i samband med jubileumsmarkeringa.

No er Oddmund Skjelvik snart tilbake frå ei 16 dagar lang Amerika-reise i emigrantane sine fotspor. Dette er eit årleg reiseopplegg som Asbjørn Ystebø står bak, og denne gongen er det over 40 i reisefølgjet.

– Eg har vore med ein del gonger før, og kjenner etter kvart mange av dei som er med på turen, seier Skjelvik.

Mange bygningar

Med ein etter kvart betydeleg bygningsmasse er det ikkje fare for at veneforeninga skal bli gjerandslaus i framtida.

– Det vil alltid vera behov for



TAR EIT TAK: – Det er meningsfullt og kjekt å jobba for Utvandringssenteret, seier Oddmund Skjelvik, leiar i nyskipa Utvandringssenterets Vener. Skjelvik håpar på 500 støttemedlemar. Han har vore ei eldsjål for senteret sidan starten.

ressursar til det vi ønskjer å få gjort på senteret, samtidig som vi kan gje ei hjelpande hand i samband med ulike arrangement. Eg

trur det er viktig at nokon kan vera med og bakka opp rundt senteret på ulike måtar, samtidig som vi har det kjekt ilag, seier

Skjelvik.

– Veneforeninga er ein stor ressurs

– Veneforeninga er med på å skapa lokal forankring, seier Ida Dyrkorn Heierland, avdelingsleiar ved Vestnorsk Utvandringssenter.

Veneforeninga arbeider for å gjera senteret kjend og for at det skal bli ein aktiv del i det sosiale og kulturelle livet på Sletta og i Nordhordland.

– Veneforeninga kan vera ein uvurderleg ressurs for museet og vera med å ta vare på tilknyttinga mellom viktige kulturminne og lokalsamfunnet, seier Dyrkorn Heierland.

– Ei veneforening kan gjerne også vera meir dristig og arbeida med å bygga opp nettverk langt utover Nordhordland og landegrensene, legg ho.

Det er langt fleire enn nord-

hordlendingar som vil vera støttemedlemar.

– Mange har jo slekt som har utvandra til Amerika, og mange er interesserte i denne historia, seier Oddmund Skjelvik. Leiaren i veneforeninga rosar avdelingsleiaren for måten ho har vidareutvikla senteret og skapt eit større mangfald av aktiviteter.

Med seg i styret i Utvandringssenterets Vener har han Silje

Namtvedt, Jostein Vågenes, Ella Ystebø, Arvid Aasgard, og varamedlemar Kirsten Mellingen og Ellinor Brandtun.

– Det er svært viktig for vidareutviklinga av senteret å ha ei aktiv veneforening som støttar opp om aktiviteten, seier avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringssenter Ida Dyrkorn Heierland.



PERLER: Terasa Kaban og ektemannen i Musikkens Vener.

Stor fint besøk frå Polen

KNARVIK: Musikkens Vener Nordhordland presenterer noko av det ypperste Polen har å by på av muskarar.

Ekteparet Kaban/Blazej frå Chopin sitt heim serverer klassiske perler Knarren på Knarvik vidaregående tirsdag 18.oktober.

– Du har aldri høyrte ein pianist spela Chopin slik Terasa Kaban gjer det, seier Finn Totland i Bergens Kammermusikkforening.

Publikum vil først få høyra Terasa Kaban som solopianist. Etter pause spelar ho saman med ektemannen og fløytisten Henryk Blazej.

– Du vil kjenna att noko av musikken, men desse fantastiske muskarane vil sikkert gjer tilhøyrarane nye opplevingar. Få med deg denne einestående konserten, oppmodar Inger Johanne Ektvedt i Musikkens Vener Nordhordland.

Konserten markerer avslutninga på MV sine konsertar i år. Her får du høyra musikk av mellom andre Chopin, Mozart Dworak.

Ein kuriositet er det at Mozart berre var åtte år gamal då han skreiv sonaten som ekteparet skal framføra utdrag frå, Sonate i F-dur.

Amerikabrevet på BIFF

Lørdag 22.oktober kan du sjå Sandberg sin dokumentarfilm "Amerikabrevet" på Bergen Internasjonale Filmfestival (BIFF).

Filmen skildrar utvandringa til Amerika, og korleis emigrantane levde og budde i sitt nye heimland. Dokumentaren har mange sterke skildringar basert på dei mange Amerika-brev som vart sendt til familie og vener i gamlelandet.

Filmen vart vist under Utvandringssenteret på Sletta i sommar.

Ferdig vart laga ferdig i vår, og vart heilt "nyfodt" tatt ut til vising på Filmfestivalen i Grimstad. Og no er den altså tatt ut til BIFF-programmet. Det er Kristin Sandberg som saman med sine filmforeldre Sverre og Karin Sandberg har laga "Amerikabrevet".

– Denne dokumentaren har vore både spennande, kreativ og energigjevande å jobba med. Arbeidet har lært meg mykje og gitt massevis av glede, seier Kristin Sandberg. "Amerikabrevet" blir vist på BIFF neste lørdag kl. 10.45.